

gar 15.10.2009

Ordninga med personvernombod for forskning – kva for plikter har vi som tilsette og studentar ved HSF når vi skal utføre prosjekt der personopplysningar skal behandlast?

I dette notatet vert det gitt ei kortfatta orientering om korleis studentar og tilsette skal gå fram dersom dei skal gjennomføre studentoppgåver og forskingsarbeid der det ver samla in personopplysningar. Norsk Samfunnsvitenskapelige Datatjeneste er vårt personvernombod i slike saker. Fou-leiar Georg Arnestad er kontaktperson for NSF ved HSF

Norsk Samfunnsvitenskapelige Datatjeneste (NSD) er personvernombod for forskar- og studentprosjekt som vert gjennomført ved alle universiteta, dei statlege, dei vitkapelege og dei private høgskulane, ei rekkje helseføretak og andre forskingsinstitusjonar. Forskarar og studentar ved institusjonar som har utpeikt NSD som personvernombod, og som i samband med forskings- eller kvalitetssikringsprosjekt skal behandle personopplysningar elektronisk eller opprette eit manuelt personregister med sensitive opplysningar, har meldeplikt til personvernombodet. Dette skjer gjennom eit [elektronisk meldeskjema](#).

Kvifor eit personvernombod?

Mange forskarar og studentar behandlar personopplysningar som ledd i eit forskings- eller studentprosjekt. I denne prosessen oppstår det ofte uvisse knytt til kva som er lovleg og korleis ein skal ivareta rettighetene til deltakarane. Personopplysningslova opnar for at institusjonen kan utpeike eit personvernombod som kan hjelpe prosjektleiar med å overhalde krava i regelverket.

Formålet med ordninga er å sikre at personvernet blir ivareteke og forenkla den lovpålagte meldeplikta. Meldeplikta til Datatilsynet er erstatta av meldeplikt til personvernombodet.

Kven er NSD personvernombod for?

Universiteta og alle dei vitkapelege og statlege høgskulane, ei rekkje private høgskular, helseføretak og andre forskingsinstitusjonar, har peikt ut Norsk Samfunnsvitenskapelige Datatjeneste som personvernombod for forskings- og studentprosjekt som vert gjennomførte ved institusjonane.

Kven dette gjeld?

Alle **studentar og forskarar** ved ein institusjon som har utpeikt NSD som personvernombod, og skal behandle *personopplysningar*, har meldeplikt til personvernombodet. *Med behandling vert mellom anna meint innsamling, registrering, kopling eller lagring av personopplysningar. Personopplysningar* er opplysningar som kan identifisere enkeltindivid direkte eller indirekte.

Dette vil gjelde så vel studentoppgåver på bachelor- og masternivå som skal samle inn og behandle personopplysningar, og det gjeld prosjekt som dei tilsette arbeider med, inklusive

doktorgradsprosjekt. Viss ein er tvil om prosjektet er meldepliktig, må ein kontakte fou-leiar Georg Arnestad eller NSD direkte.

Kva skal ein gjere?

- Du skal fylle ut eit meldeskjema og sende det til Personvernombodet for forskning.
- Meldeskjemaet finn du på www.nsd.uib.no/personvern Her finn du òg utførlege opplysningar om ordninga med personvernombod.
- Du skal sende meldinga seinast 30 dagar før datainnsamlinga skal starte.
- Du skal *ikkje* melde prosjektet til Datatilsynet.

Kva gjer personvernombodet?

- Personvernombodet vurderer om undersøkingsopplegget oppfyller krava i personopplysningslova og helseregisterlova
- Personvernombodet foreslår nødvendige endringar i undersøkingsopplegget for å oppfylle krava i regelverket.
- Personvernombodet fører oversikt over meldingar om behandling av personopplysningar.
- Personvernombodet vurderer om prosjektet utløyser konsesjonsplikt og sender søknad om konsesjon til Datatilsynet.
- Personvernombodet gir informasjon og rettleiing om forskning og personvern.
- Personvernombodet hjelper deltakarane i prosjektet med å ivareta rettighetane sine

Særordning for medisinske og helsefaglege forskingsprosjekt

Ei ny helseforskningslov trådte i kraft 1. juli 2009. Den nye lova inneber at dei regionale komiteane for medisinsk og helsefaglig forskingsetikk (REK) overtek ansvaret for å gi dispensasjon frå teieplikta og tilråding/konsesjon for medisinske og helsefaglege forskingsprosjekt. Inntil 1. juli 2009 låg dette ansvaret hjå Helsedirektoratet og personvernombodet/Datatilsynet.

Sjå her: http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/helseforskningsloven

Vedtak i fou-utvalet

Fou-utvalet behandla denne saka på møtet 11.9.2009, og gjorde følgjande vedtak:

Fou-utvalet bed om det snarast vert lagt ut målretta informasjon på heimesida til HSF om ordninga med personvernombod for forskning. Det er eit organisatorisk leiaransvar å sørgje for at regelverket vert følgt. Fou-leiar tek saka opp i leiargruppa, med studieutvalet/studieleiarane og med fou-leiarane.

Dette vil verte gjort med det første.